



Kjøre Ordfører og resten av Meland kommune

Bergen, 29. august 2018

## TV-AKSJONEN NRK; KIRKENES BYMISJON 2018 - OPPFORDRING TIL BIDRAG

Fyrst og fremst vil eg takk Meland kommune for støtta til TV-aksjonen i fjor. Samarbeid mellom kommune har ein lang tradisjon og er heilt avgjerande i mobiliseringa av innbyggjarane til bøssebæring på aksjonsdagen 21. oktober. Over 98 % av Noreg sine kommunar og fylker bidrog til Tv-aksjonen i fjor. Eg håper at Meland kommune vil gje eit pengebidrag til TV-aksjonen NRK Kirkenes Bymisjon 2018.

TV-aksjonen NRK 2018 går til Kirkenes Bymisjon sitt arbeid for å skape eit varmare og meir inkluderande samfunn. I 2018 bidrog kommunane i Hordaland med til saman 711 990,-. Vi håper på minst like gode resultat for kommunebidrag i år.

Med årets TV-aksjon kan Kirkenes Bymisjon skape møter som endrar liv. Ved å opne dører og legge til rette for at fleire møtast, skal vi vise kvifor årets TV-aksjon er viktigare enn aldri før. Vi skal tilby menneske som opplever å stå utanfor eit nytt fellesskap, ei seng, eller ei samtale og slik bidra til at fleire får moglegheit til å oppnå egne mål og draumar. Pengane som samlast inn skal skape 700 000 møter mellom menneske.

### Slik kan du bidra enkelt:

For å synleggjere det breie engasjementet frå alle kommunar i landet registrerast alle bidrag på [www.giverstafett.no](http://www.giverstafett.no). Når bidraget er registrert blir faktura sendt umiddelbart på e-post.

Registrerte og innbetalte beløp vil bli ein del av statistikken for din kommune på aksjonsdagen.

Merk innbetalinga med kommunen sitt namn og postnummer. Informasjon om gitt beløp sendast til fylkesaksjonsleiar så tidleg som mogleg før aksjonsdagen 21.oktober. Beløpet må vere innbetalt innan onsdag 17. oktober for å sikre at beløpet vert med på oversikta for din kommune på TV-aksjonssendinga.

Kontaktinformasjon Fylkesaksjonsleiar: Ingri Deisz Horne, 92847918,  
hordaland@tvaksjonen.no

Vennleg helsing

Ingri Deisz Horne  
Fylkesaksjonsleiar i Hordaland